



Skorpo og Skorpetrollet fekk merksemd på NRK1 i går.

Som for to år sidan fekk Uskedalen stor merksemd då Sommarbåten SJØKURS gjekk gjennom Storsund i går. Programleiar, Øyvor Bakke, kunne lekse si. Ho skildra Skorpo med skuringsstriper og landskapsformer frå den siste istida. Særleg fokus var det på Skorpetrollet i innseglinga til Uskedalen.

Skorpetrollet er steinen med trollfjeset mange ser i Skorpegavelen.

Segna om steinen er gamal. Den går slik:

Det budde ei trollkvinne (jygr) på Skorpo. Ho var fin og ein kar på Ljosmyr i Herøysundet var hugteken av kvinna. Han tok ein stor stein, festa tau i og kasta steinen over sundet. Så ville han dra Skorpo til fastlandet. Han tok så hardt i at steinen klovna. Sjølv datt han så tungt at ein kan sjå merke etter baken hans enno. Steinen i klyfta er Skorpetrollet.

Tekst: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen